

Arkiv: <arkivID><jplD>
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 30.08.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
033/22	Utval for næringsutvikling og drift	07.09.2022

Søknad til næringsfondet - Alver Logopedi AS - Logopediske tjenester
Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *Logopediske tjenester* blir tildelt kr 30 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringsutvikling og drift 07.09.2022:

Handsaming:

Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg.

ND- 033/22 Vedtak:

Prosjektet Logopediske tjenester blir tildelt kr 30 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Alver Logopedi AS er eit aksjeselskap. Bransje: 89.909 Andre helsetjenester. Registrert 26.07.2022. Kjelde: Proff.no

Saksopplysningar:

Verksemda er skipa av to nyutdanna logopedar som ønskjer å gje pasientar eit behandlingstilbod på eit felt det i dag er lange ventelister på. Det vert lagt opp til gruppetimar i egne lokale i Alver.

Om prosjektet

I første omgang vil søkjar tilby logopediske tenester til Parkinson klientar og slaggramma (med språklege utfall). Arbeidet vil bestå av logopedisk kartlegging og behandling, og vil dekke eit behov i Alver og andre nærliggande kommunar med bakgrunn i lange ventelister. Logopedisk hjelp er noko ein har krav på, jamfør lovverket, og klientar vil få dekkja kostnadene gjennom HELFO.

Det vert søkt om økonomisk stønad til blant anna vidare kurs innan LSVT Loud og letsip for å gje eit kvalitetssikra tilbod til både Parkinson klientar og slaggramma. Andre kostnadar som vil kome er til materiell og rekvisita. Menneske som rammast av Parkinson er ofte eldre menneske, som ikkje nødvendigvis har eit stort nettverk. Behandlinga tar både sikte på å bremse utvikling av symptom og å tilby ei sosial behandlingsform gjennom gruppetimar. Det vert derfor også søkt om midlar til lokale i oppstartsfasen.

Prosjektleveranse/Målsetting

Forretningssideen er å kunne bidra til å kutte ned på ventelister og samstundes tilby unike og forskningsbaserte helsetenester. Verksemda vil bidra til å gjere fagfeltet meir synleg og tilgjengeleg, då det er stor etterspurnad etter behandling for desse pasientgruppene. Det langsiktige målet er å tilsette endå ein logoped, for å utvide tilbodet og gje behandling innan fleire område av det logopediske fagfeltet.

Prosjektøkonomi

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Logopediske tjenester	115 000	57 500	30 000

Vurdering

Vurderinga tar utgangspunkt i fondsvedtektene for Næringsfondet. Etter ei samla vurdering ligg prosjektsøknaden innanfor Næringsfondet sine kriterier ved at det viser til tiltak som stimulerer til vekst til eksisterande verksemdar og berekraftig utvikling.

Vedlegg i saken:

02.08.2022 Soknad-2022-0031

1780232